

# Retningslinjer for støtte til frukt og bær 2015

På gardsbruk der frukt- og bær dyrking utgjør eller vil kunne bli ein vesentleg del av inntekta, kan det løyvast tilskot til rydding og nyplanting.

## Plan for tiltaket

Planene må bygge på tett-plantingsprinsippet (Ad Wisse) med tilrådde tretall pr. da. Tilpassingar kan likevel godkjennast. Det skal leggjast stor vekt på at sortar/kulturar og dyrkingssystem er framtidsretta og at dette skjer i samråd med det aktuelle fruktmottaket og rettleiingstenesta.

## Arealkrav

Arealet som det er planen å fornye, må vere minst 5 da for konvensjonell drift og 3 da for økologisk drift. Arealet skal vere ferdigstillt i løpet av 3 år. Arealkravet kan unntaksvis og i spesielle tilfelle fråvikast. Mindre areal kan godkjennast dersom tiltaket er knytt opp mot ei konsentrert satsing på nye kulturar eller kulturar med betydeleg marknadspotensiale.

Det same vil vere tilfelle der t.d. Mattilsynet har gitt pålegg om rydding grunna heksekost eller andre plantesjukdommar. Investeringsstilskotet vil bli redusert dersom det er gitt erstatning til nyplanting etter offentlig pålegg.

## Godkjende kostnader

Ryddekostnader som kan godkjennast:

Arbeid med rydding av gamle tre og ymse tilrettelegging av arealet for nyplanting. Det kan berre gjevast tilskot til rydding dersom nyplanting av tilsvarande areal inngår i planen. Arrondering av arealet og vedlikehald av grøfter blir ikkje godkjend.

Plantekostnader som kan godkjennast: Planter, plantearbeid, oppbinding og evt. dekkesystem og vatningsanlegg for moreller, plomme, pære og eple.

Bærproduksjon i tunell; kostnader som kan godkjennast:

Investering og oppføring av tunell med dekke og anlegg for vatning og gjødsling.

## Satsar for godkjende kostnader

På grunnlag av oppdaterte kalkyler frå Njøs Næringsutvikling, vert det lagt til grunn følgjande satsar for godkjende kostnader:

- |   |                             |
|---|-----------------------------|
| - Rydding av frukthagar                 | inntil kr 12.000 pr dekar   |
| - Planting av kjernefrukt; eple og pære | inntil kr 75.000 pr dekar   |
| - Planting av plomme                    | inntil kr 50.000 pr dekar   |
| - Planting av moreller                  | inntil kr 100.000 pr dekar  |
| - Tunell for bringebær                  | inntil kr 85.000 pr dekar   |
| - Tunell for jordbær                    | etter tilbød frå leverandør |
| - Hjortegjerde                          | inntil kr 5.000 pr dekar    |

## Eigeninnsats

Inntil kr 350,- per time kan godkjennast i timesats for eige arbeid ved rydding, tilrettelegging av arealet, planting, oppføring og oppbinding.

## Støttenivå

Til konvensjonell dyrking kan det løyvast inntil 25 prosent tilskot til rydde- og plantekostnader. Til økologisk dyrking kan det løyvast inntil 40 prosent tilskot til rydde- og plantekostnader. Før utbetaling må det dokumenterast at arealet er godkjent av Debio for økologisk fruktproduksjon.

## Korleis søkje om støtte?

Drøft prosjektet med Innovasjon Norge, gjerne tidleg i planlegginga og seinast før søknaden blir send til Innovasjon Norge.

Søknaden, som skal sendast elektronisk til Innovasjon Norge, fyllast ut på [www.innovasjon Norge.no](http://www.innovasjon Norge.no). Ta kontakt med landbruksetaten i kommunen for hjelp med søknaden. Tiltaka i prosjektet skal ikkje vere starta opp før Innovasjon Norge har handsama og avgjort søknaden. Søknader for felt som er planlagt planta til sommaren eller hausten, må sendast til Innovasjon Norge innan mai.

## Vedlegg

- ✓ Uttale frå frukt-/bærmottak og rettleiingstenesta om val av kulturar og sortar
- ✓ Dekningsbidragskalkyle utarbeidd av NILF, <http://www.landbruksforum.no/frukt/kalkyle/>
- ✓ Kart som viser rydding og planting, <http://gardskart.skogoglandskap.no/>
- ✓ Kostnadsoverslag for rydding og planting
- ✓ Næringsoppgåve for førre inntektsår
- ✓ Sjølvmelding til søkjar, og eventuelt til sambuar/ektefelle, førre inntektsår

Søkjarar som vel andre salskanalar enn godkjende fruktmottak, må dokumentere at denne forma for sal gir ein trygg omsetnad til prisar som forsvarar investeringa i nytt plantefelt.

For meir informasjon, sjå nettsida vår. I menyvalet «Landbruk og tilknytt verksemd» er det relevant informasjon: <http://www.innovasjon Norge.no/no/Kontorer-i-Norge/Sogn-og-Fjordane/>

## Utbetaling

Er utmålt tilskot over 50.000 kr, kan det føretakast delutbetalingar. Inntil 90 % av tilskotet kan delutbetalast i takt med gjennomførte tiltak. Utbetalingsanmodning om delutbetaling skal sendast til landbruksetaten i kommunen. Landbruksetaten godkjenner delutbetalinga og sender utbetalingsanmodning til Innovasjon Norge. Det blir ikkje gjort delutbetalingar til nyplantingar der søkjar også har søkt om erstatning for heksekost eller andre plantesjukdommar.

Når feltet er ferdig, skal landbruksetaten i kommunen kontrollmåle og godkjenne feltet. Sluttutbetalinga av tilskotet kan gjerast når prosjektrekneskap stadfesta av autorisert rekneskapsfører, timelister for eigeninnsats og ferdiggodkjenning frå landbruksetaten i kommune, er godkjent av Innovasjon Norge.

## Kontaktperson

Tor Holsen, Innovasjon Norge Sogn og Fjordane  
Epost: [tor.holsen@innovasjon Norge.no](mailto:tor.holsen@innovasjon Norge.no) Tlf: 57 82 57 52